



Arkivnr: 2017/17129-2

Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		04.12.2018
Fylkesutvalet		06.12.2018
Fylkestinget		11.12.2018

Premiss: Kultur. Regional plan for kultur. Handlingsprogram; status 2018 og rullering av handlingsprogram 2019**Samandrag**

Premiss: Kultur. Regional plan for kultur 2015-2025 vart vedteke i Fylkestinget 09.12. 2014, sak PS 84/2014. Handlingsprogrammet vart deretter vedteke i Fylkestinget 10.03. 2015, sak PS 11/2015. Handlingsprogrammet gjeld for 2015 – 2018, og skal rullerast etter dette.

Det har vore lagt fram årlege politiske saker med statusoppdateringer og satsingar i forhold til Premiss: Kultur. Denne saka legg fram status for 2018 og tilråding for nytt handlingsprogram for 2019.

Arbeidet med fylkessamanslåing har prega og vil prege arbeidet og dei interne prioriteringane i 2018 og 2019. Det vert difor lagt fram tilråding til eit eittårig handlingsprogram, for det siste året før vi går inn i nye Vestland fylkeskommune.

Tiltaka i planen har noko ulikt konkretiseringsnivå, og det er ulikt kor stort og kor konkret ansvar Kultur- og idrettsavdelinga i fylkeskommunen har for det enkelte tiltak. Mange av tiltaka er pågåande satsingar som gir føringar for prioriteringar i budsjett og for tilskotsordningar, og desse bør vidareførast. Når det gjeld meir konkrete tiltak, som t.d utgreiingar, prosjekt, satsingar som krev større administrative ressursar i fylkeskommunen er mange av dei ikkje tilrådd å vidareføre i handlingsprogrammet for 2019. Fylkesrådmannen ser det framlagte handlingsprogrammet for 2019 som realistisk og gjennomførbart i dette siste året i Hordaland fylkeskommune.

Nokon av punkta frå Handlingsprogrammet for 2015 – 2018 som no tilrådd å ta ut i handlingsprogrammet for 2019 vil vere svært relevante å kome tilbake til når det skal arbeidast fram ein ny plan og handlingsprogram for kultur og idrett i Vestland fylke. Prosessen som har gått føre seg med å gå igjennom status og rullere handlingsprogrammet for vår eigen kulturplan og høyringsuttalearbeidet med Sogn og Fjordane sin kulturplan er nyttig bakgrunn for å jobbe vidare mot ein kulturplan for Vestland fylke.

Kultur- og idrettsavdelinga sitt budsjett for 2019 er knytt til mål og satsingar i Kulturplanen. Sjølv om det er trонge rammer vil ein fortsette arbeidet med styrking av profesjonelle kunst- og kulturinstitusjonar. Hordaland har eit svært kompetent og ambisiøst kulturliv, noko planen også slår fast og ønskjer å styrke. Budsjetttsituasjonen vanskeleggjer oppfølging av ambisjonane som ligg i planen, både i tidlegare år og i 2019. Det er ei stadig utfording knytt til bygg og til driftssituasjonen i mange av institusjonane og organisasjonane. Mange av kulturinstitusjonane har ei delt finansiering, med tilskot frå både kommune, fylkeskommune og stat. Det er viktig å følge opp dialog og forventningar til kommunar og stat.

Som ein regional plan etter Plan og bygningslova gjeld planen utover fylkeskommunen si verksemd. Når det gjeld status for 2018 som vert gitt i denne saka har den eit fokus på det som Hordaland fylkeskommune sjølv har direkte ansvar for. Om ein ønsker eit breiare fokus er det naudsynt med ein tydlegare metodikk og større utgreiingsarbeid.

Vedlagt denne saka er

- Framlegg til handlingsprogram for 2019
- Gjennomgang av status for handlingsprogrammet i 2018 – med kommentarar til kvart enkelt tiltak

Økonomi: *Tiltaka i handlingsprogrammet skal løysast innanfor vedteke budsjett for 2019*

Klima: *Tiltaka skal ikkje føre til større klimaavtrykk*

Folkehelse: *Tiltaket vil ha positiv effekt på folkehelsa. Kultur og idrett vil vere ein viktig premiss for samfunnsutviklinga. Deltaking i kultur- og idrettsaktivitetar har positiv effekt for mellom anna inkludering og deltaking.*

Regional planstrategi: *I samsvar med Plan- og bygningslova er heile kultur- og idrettsfeltet i Hordaland omfatta av den regionale planen. Planen med handlingsprogram er bygd opp rundt følgjande tema: busetnad og infrastruktur, formidling og deltaking, verdiskaping, samordning og samhandling.*

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek Handlingsprogram for 2019 - Premiss: Kultur. Regional plan for kultur slik det ligg føre i vedlegget.
2. Fylkestinget tek statusrapport 2018 til etterretning.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

- 1 Premiss: Kultur. Regional plan for kultur. Handlingsprogram for 2019.
- 2 Status 2018 handlingsprogram for Premiss: Kultur. Regional plan for kultur.

Fylkesrådmannen, 30.10.2018

Bakgrunn

Saka gjeld oppfølging av *Premiss: Kultur. Regional plan for kultur 2015-2025*. Det vert lagt fram tilråding til handlingsprogram for 2019 og statusrapport for 2018.

Fylkestinget handsama Premiss: *Kultur. Regional plan for kultur 2015-2025* i PS 84/14, 09.12.2014. Handlingsprogrammet vart vedteke i Fylkestinget i PS 11/15, 10.03.2015. Regional kulturplan for Hordaland femner om fagfelta kulturminnevern og museum, arkiv, kunstproduksjon og kulturformidling, bibliotek, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Planen peikar på fire utfordringar for Hordaland: endringar i busetnad og infrastruktur, formidling og deltaking, verdiskaping, samordning og samhandling. Som grunnlag for planen ligg spørsmålet om kva samfunnsendringane betyr for utvikling og prioriteringar innan kultur og idrett. Premiss: Kultur viser til ambisjonen om at kulturpolitikken i Hordaland skal vere ein grunnleggjande premiss for samfunnsutviklinga og sikre at Hordaland er ein leiande kulturregion.

Gjennom kulturpolitikken skal ein fremje demokrati og ytringsfridom, og bidra til at Hordaland har eit rikt, aktivt og mangfaldig kulturliv. Hordaland skal ha eit sterkt, profesjonelt kulturliv som fremjar skapande og frie kunstuttrykk. Kulturpolitikken skal vidare identifisere og styrke miljø og aktivitetar der Hordaland er eller skal vere leiande. Berekraftig utvikling og forvalting av landskap, miljø og anlegg skal gi grunnlag for eit rikt kulturliv i heile fylket. Kultur skal vere integrert i utviklinga av alle samfunnsområde, med kvalitet i både tradisjonar og nyskapning. I samsvar med Plan- og bygningslova omfattar planen heile kultur- og idrettsfeltet i Hordaland, også verksemd som ikkje er del av fylkeskommunen sitt ansvarsområde.

Dei særlege satsingane for 2019 er lagt fram i fylkesrådmannen sitt budsjettforslag. I 2018 er det ei satsing på Vestlandsregionen, og ein er no midt i det konkrete arbeidet med kartlegging og samkjøring av arbeidsprosessar og i dei to fylkeskommunane. 2019 vil i enda større grad verte prega av at det er eit overgangsår til ny fylkeskommune. Handlingsprogrammet som er lagt fram til rullering i denne saka er realistisk og nøkternt. Der er stroke mange punkt, ut frå erkjenning om at 2019 vil krevje store ressursar i forhold til samanslåingsprosessar og at ein m.a. må starte arbeidet på å utmeisle ein ny kulturpolitikk for Vestland fylke. Det er såleis ikkje tida for nye satsingar og punkt i handlingsprogrammet.

Målsettingane i planen vart vedteke å skulle nåast gjennom 39 innsatsområde og 154 tiltak. Det vart kommentert ved handsaminga av handlingsprogrammet i politiske utval, og ved vedtak i Fylkestinget at det var svært mange punkt i handlingsprogrammet. Det var også omtala i PS 124/17 om status 2017: «Når planen skal rullerast, vil ein legge opp til å redusere talet på tiltak i handlingsdelen. Med dagens budsjettsituasjon er planen for omfattande, og satsinga må vere innan få, utvalde område etter ei streng prioritering». Tiltaka i handlingsprogrammet har vore inndelt i prioritert 1 og 2. I handlingsprogrammet for 2019 er alle prioritert likt. Ved handsaming i Fylkestinget (PS 11/15) vart nokon av tiltaka som låg i fylkesrådmannen si tilråding til handlingsprogram teke vekk. Dei vart vedteke å sjå på igjen i høve rullering, og desse tiltaka har vore vurdert i denne rulleringsprosessen.

Nokon av punkta frå Handlingsprogrammet for 2015 – 2018 som no er utelatt vil vere svært relevante å kome tilbake til når det skal arbeidast fram ein ny plan og handlingsprogram for kultur og idrett i Vestland fylke. Prosessen som har gått føre seg med å gå igjennom status og rullere handlingsprogrammet for vår eigen kulturplan og høyringsuttalearbeidet med Sogn og Fjordane sin kulturplan har vore nyttig bakgrunn for å jobbe vidare mot ein kulturplan for Vestland fylke.

Internt i Kultur- og idrettsavdelinga har ei arbeidsgruppe med representantar frå alle seksjonane hatt Kulturplanen som særskilt oppgåve. Ei slik organisering av arbeidet har vore viktig for kontinuitet og felles oppfølging. Fylkesrådmannen ser at denne arbeidsgruppa har ei viktig rolle i oppfølging av Kulturplanen. Status for 2018 vil primært vise Hordaland fylkeskommune sine kulturpolitiske prioriteringar.

Mål og strategiske prioriteringar – verksemndsplan og budsjett 2018 og 2019

Det er ikkje knytt ei særskilt fylkeskommunal løvying til oppfølging av kulturplanen. Det samla budsjettet for Hordaland fylkeskommune, og i særleg grad budsjettet for Kultur- og idrettsavdelinga, saman med til dømes

statlege og andre eksterne midlar, var såleis ramme for arbeidet med planen. I tillegg kom ressursane som eksterne aktørar har. I vedtakspunkt 3 i Fylkestinget si handsaming av handlingsprogrammet, PS 11/15, heiter det: «Fylkestinget legg til grunn at handlingsprogrammet er innanfor dei årlege budsjetttrammene og rammene i økonomiplanperioden.»

Det har vore trонge budsjett dei siste åra, og det gjeld også for 2019. Dette gjør det sjølv sagt vanskeleg å oppfylle måla i ein ambisiøs kulturplan og initiativa frå eit ambisiøst og kompetent kulturliv.

Fylkesrådmannen skriv i sitt budsjettframlegg for 2019:

Kultur- og idrettsføremål er ikkje unnateke dei stramme økonomiske rammene for den fylkeskommunale økonomien. Dette inneber krevjande utfordringar i 2019, mellom anna ved å finne god balanse mellom det etablerte og det nye som kjem til. Kulturlivet må bu seg på strenge prioriteringar.

Premiss: kultur er ein regional plan og har difor eit verkeområde som går ut over Hordaland fylkeskommune sitt direkte ansvars- og kontrollområde. Likevel ser fylkesrådmannen det som relevant her å vise til HFK sin vedtekne verksemderstrategi for 2016 – 2020. Sjølv om strategien er eit meir internt dokument viser det kva rammer fylkeskommunen har og korleis ein vil prioritere innanfor desse. Kultur- og idrettsavdelinga sine mål og strategiar er igjen bygd på *Premiss: Kultur*. Dette er dei overordna måla for Kultur- og idrettsavdelinga for 2016 – 2020:

OVERORDNA MÅL 1

Kultur- og idrettsavdelinga skal gjennom brei samfunnsdialog leggje grunnlag for kultur som premiss for utviklinga av alle samfunnsområde

Strategiar

1.1 Setje i verk Regional kulturplan for Hordaland 2015– 2025 gjennom klare prioriteringar og god koordinering

1.2 Systematisere samhandling med kommunar, institusjonar og organisasjonar i Hordaland og regionale, nasjonale og internasjonale aktørar på kultur- og idrettsfeltet

OVERORDNA MÅL 2

Kultur- og idrettsavdelinga skal gjennom fagleg og økonomisk medverknad støtte opp under eit sterkt, profesjonelt og friviljug kulturliv i Hordaland

Strategiar

2.1 Bruke tilgjengelege ressursar effektivt og ha tenlege verktøy i løysing av oppgåvane

2.2 Ha særskild merksemd på førebuing og oppfølging av politiske vedtak i god dialog med kultur- og idrettsfeltet

2.3 Sikre rett kompetanse og utvikle organisasjonen i tråd med dei utfordringane som til ei kvar tid er aktuelle på kultur- og idrettsfeltet

2.4 Styrke samarbeidet i fylkeskommunen; mellom seksjonar og avdelingar

OVERORDNA MÅL 3

Kultur- og idrettsavdelinga skal vere ein samfunnsutviklar og arbeide for å sikre eit rikt, aktivt og mangfaldig kulturliv med tilgang og deltaking for alle

Strategiar

3.1 Leggje til rette for ein tydeleg, kunnskapsbasert kultur- og idrettspolitikk som grunnlag for å forstå og styre utviklinga i Hordaland

3.2 Styrke rolla som utviklar og medspelar i utviklinga av kultur- og idrettstilbod basert på møte med innbyggjarar og fagmiljøa, og forståing av varige og skiftande behov

3.3 Møte kultur- og idrettsfeltet med god tilrettelagt informasjon, tenlege, rettvise og tilgjengelege tenester.

Å arbeide for å realisere dei politiske måla som er vedtekne i Regional kulturplan er ein del av Overordna mål 1. I fylkesrådmannen sitt budsjettforslag for 2019 står følgjande:

På grunnlag av strategiske prioriteringar skal ein i 2019 ha særleg merksemd på samanslåinga med Sogn og Fjordane fylkeskommune og utvikling av felles tenesteproduksjon.

Den framtidige regionale forvaltinga skal vere dialogorientert, medverkande og ha eit samfunnsutviklarperspektiv. Med effektive samarbeidsrutinar, god forvaltingsskikk og høg etisk standard skal det arbeidast til beste for utviklinga av kultur- og idrettsfeltet i det framtidige Vestland.

Følgjande vart i budsjettet m.a. sett opp som utfordringar i økonomiplanperioden:

Mål og strategiske prioriteringar

Kultur- og idrettsavdelinga arbeider for å realisere dei politiske måla som er vedtekne i Regional kulturplan. Fylkeskommunen har utvikla effektiv styring av verkemiddel og prosessar på kultur- og idrettsområdet der armlengds avstand mellom forvaltinga og frie aktørar er regelen. På grunnlag av strategiske prioriteringar skal ein i 2018 ha særleg merksemd på vidareutvikling av eigen tenesteproduksjon og oppgåveløsing. Forvaltinga skal vere dialogorientert, medverkande og ha eit samfunnsutviklarperspektiv. Med effektive samarbeidsrutinar, god forvaltingsskikk og høg etisk standard skal det arbeidast til beste for utviklinga av kultur- og idrettsfeltet i Hordaland.

Økonomiske utfordringar

Dei samla midlane på budsjettet til kultur- og idrettsføremål er vesentlege for realiseringa av sektoren sine mål. Det er grunnleggjande at ressursane ikkje skal brukast på utvikling av fylkeskommunen, men for å løyse ulike behov i kulturlivet sjølv. Ein stram fylkeskommunal økonomi inneber likevel krevjande utfordringar i 2018 og vidare. Sjølv om den regionale politikken er prega av lange liner, gjer dette at kulturlivet må bu seg på strenge prioriteringar og at ein finn god balanse mellom det etablerte og det nye som kjem til. Det gjer også at fylkeskommunen vil leggje vekt på løysing av dei regionale oppgåvene og samordning i høve statlege eller kommunale ansvarsområde.

Fylkesrådmannen meiner at det i Hordaland fylkeskommune vert arbeidd godt for å oppfylle dei overordna måla, gjennom strategiane som er lagt. Kulturplanen er ambisiøs, og midlar og personale er oftast ikkje tilstrekkeleg for å oppnå måla. Kulturplanen med sitt handlingsprogram gir likevel ei viktig retning for arbeidet med kultur og kulturpolitikk både i fylkeskommunen, kommunane, organisasjonane og kulturlivet elles.

I 2018 er det ei satsing på Vestlandsregionen, og ein er no midt i det konkrete arbeidet med kartlegging og samkjøring av arbeidsprosessar og i dei to fylkeskommunane. 2019 vil i enda større grad verte prega av at det er eit overgangsår til ny fylkeskommune.

Handlingsprogrammet som er lagt fram til rullering i denne saka er realistisk og meir nøkternt enn det opprinnelige handlingsprogrammet. Det er ikkje tida for å foreslå nye satsingar og punkt i handlingsprogrammet. Ein del av dei utgåtte punkta må takast opp igjen og sjåast på i arbeidet med nytt handlingsprogram for Vestland fylkeskommune.

Det vert elles vist til status på kvart tiltak i vedlegget.

Løft for profesjonelle kunst- og kulturinstitusjonar

I 2017 og 2018 har det vore gjennomført systematisk dialog med institusjonar og organisasjonar som får driftsstøtte over fylkeskommunen sitt kultur- og idrettsbudsjett. Det har vore gjennomført budsjett- og rapporteringsmøte, med ein fast agenda, etter frist for innsending av søknad om driftsstøtte over budsjett 1. april og framover ein månads tid. Det er om lag 100 kultur- og idrettsaktørar som får driftsstøtte frå HFK sitt kulturbudsjett. Møter med desse aktørane har vore prioriterte og er eit viktig grunnlag som gjev betre forståing av aktuelle utfordringar og legg slik eit godt grunnlag for vidare arbeid på dei ulike felta. Museumsevalueringa har vore og vil vere ei viktig reiskap for vidare utvikling av museumsfeltet.

Tilskotsordningar

Tilskotsordningar, inkludert driftstilskot over kulturbudsjettet er ein av dei viktigaste reiskapane Hordaland fylkeskommune har til å oppfylle satsingar i kulturplanen. Alle tilskotsordningane har sine eigne politisk vedtekne retningsliner, og dei aller fleste har også politisk handsaming av søknadane i Utval for kultur, idrett og regional utvikling. Innbakt i retningslinene ligg det føringar for at søker som oppfyller viktige satsingar i kulturplanen skal prioriterast.

Tabellen under gir ei oversikt over dei tilskotsordningane Kultur- og idrettsavdelinga har, med tal frå budsjett 2018 og med fylkesrådmannen sitt budsjettforslag for 2019. Nokre av tilskotsordningane har både statleg og fylkeskommunal finansiering, andre er reint fylkeskommunale. Det er stor spennvidde i tilskotsnivå, frå tilskot på 10 000 kroner til tilskot på i overkant av 1 million.

Sidan kulturplanen vart vedteke har det vore kontinuerleg arbeidd med å revidere og tilpasse tilskotsordningar til satsingar i kulturplanen og kulturlivet sine behov. Det er difor fleire nye tilskotsordningar etablert også i 2018 og planlagt for 2019.

Tabell. Oversikt over fylkeskommunale tilskotsordningar innan kultur- og idrettfeltet (heilt eller delvis finansiert med fylkeskommunale midlar). I 1000 kr.

Tilskotsordning	Budsjett 2018	Fylkerådmannen sitt budsjettforslag for 2019
Forvaltning og drift av verna fartøy	1 000	1 000
Sikring og istandsetjing av verna fartøy	1 680	1 700
Tilskot til verna kulturminne i Hordaland	2 000	2 000
BARK- bevaringsprogram for arkeologiske kulturminne	204	100
Museumsløft	2 860	2 000
Kulturelt utviklingsprogram	6 637	6 520
Tilskot kulturhus	9 300	4 337
Prosjektilskot: kultur – amatør	918*	900
Prosjektilskot: større kulturtiltak	1 020	1 000
Prosjektilskot: Kunst og kultur – profesjonell	1 358	1 350
Folkemusikkstipend	150	150
Kunstnarstipend	380	580
Tilskot til elitekorps	300	300
Tilskot til sogelag/historielag og lokalhistorisk arbeid	155	0
Turskiltprosjektet	770	0
Kartlegging og verdsetting av friluftsområde i kommunane	428	0
Lavterskel fysisk aktivitet for born og ungdom	2040	2 040
Fylkeskommunalt investeringstilskot	2 000	2 000
Utviklingsstipend idrett	180	180
Folkehelse/sykkelvanar	500	500
Store og internasjonale seniormeisterskap	410	275
Modellbibliotek	300	350
Medfinansiering fleir brukshallar – kommunane	2000	2000
Interkommunale prosjekt - bibliotek		200
Kompetansehevande tiltak – bibliotek		100

I 2018 vart det etablert ny tilskotsodning for elitekorps med 300 000 til fordeling.

Som ei vidare satsing på Kunstløft har fylkesrådmannen lagt inn ei auke på 200 000 kroner til kunstnarstipend. Dette er ei ordning for enkeltkunstnarar og det er svært stor søknadsmengde i forhold til stipenda som er til utdeling.

Nytt i 2019 er å etablere ordning med tilskot til organisasjonar og institusjonar som gjennomfører kurs og konferansar for bibliotektilsette i Hordaland og utlysing av midlar til interkommunale biblioteksprosjekt.

Grunna trоне budsjettaramar har fylkesrådmannen sett å måtte kutte tilskotsordninga for sogelag/historielag og lokalhistoriske arbeid i sitt budsjettforslag for 2019.

Særlege satsingar på kultur- og idrettsfeltet - for dei særskilde fagområda

Dei særlege satsingane for 2019 er lagt fram i fylkesrådmannen sitt budsjettforslag.

2019 vil på mange måtar vere prega av at det er eit overgangsår til ny fylkeskommune. Handlingsprogrammet som er lagt fram til rullering i denne saka er realistisk og nøkternt. Der er stroke mange punkt, ut frå erkjenning om at 2019 vil krevje store ressursar i forhold til samanslåingsprosessar og at ein m.a. må starte arbeidet på å utmeisle ein ny kulturpolitikk for Vestland fylke. Det er heller ikkje tida for å foreslå nye satsingar og punkt i handlingsprogrammet.

Arbeid med kartlegging, måltal og synleggjering av kultur- og idrettsfeltet vil vere viktig for å kunne utvikle ein god, kunnskapsbasert kulturpolitikk.

Arkiv:

For 2019 er hovudfokus for arkiv regionsprosess og flytteprosess. I dette ligg mellom anna at ein må gi informasjon og rettleiing til resten av institusjonen om korleis ein skal ta vare på og avlevere arkiv (papirarkiv og elektronisk arkiv). I tillegg er informasjon og kurs om rutinar og retningsliner for arkivdanning og bevaring, eit viktig område. Eit utviklingsarbeid er bevaringsplan for privatarkiv. Her vil ein samarbeide tett med andre privatarkivinstitusjonar i Hordaland for å utarbeide eit søknad om utviklingsmidlar frå Arkivverket til eit forprosjekt.

Bibliotek:

Folkebiblioteka opererer i skjeringspunktet mellom det digitale og det sosiale, og forvaltar samstundes si tradisjonelle rolle som formidlar av kunnskap og litteratur. Regional bibliotekutvikling skjer ved at fylkeskommunen mobiliserer kommunale bibliotek, delfinansierer og støttar prosjekt og anna utviklingsarbeid.

Modellbibliotekprogrammet skal halde fram i 2019 og nye støtteordningar skal stimulere til kompetanseutvikling og samarbeid mellom kommunane. Ved auka arrangementsverksemد utviklar dei kommunale folkebiblioteka seg til viktige møteplassar og integreringsarenaer i lokalsamfunna. Fylkeskommunen har ei utjamnande rolle ved å gi tilbod om foredrag, utstillingar, debattar og andre kulturprogram til biblioteka. Fylkesbiblioteket arbeider for at alle skal ha tilgang til gode digitale ressursar gjennom koordinerings- og utviklingsarbeid.

Ulike vellukka tiltak som stimulerer lesing og leselyst held fram i 2019, til dømes aktivitetar som Bok til alle, Leseknappen, Sommarles og samarbeidet med Sogn og Fjordane om prosjekt Nynorske lesegledarar.

Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

I arbeidet mot samanslåinga med Sogn og Fjordane, er det naturleg at det vert eit auka fokus på planarbeid og utarbeiding av felles politikk for t.d. anleggsutvikling, driftstilskot til regionale organisasjonar og andre tilskotsordningar. Gode planprosessar legg eit godt grunnlag for all kommunal utvikling og vert viktig i høve til å lage ein felles plattform for den nye fylkeskommunen frå 2020. Tiltak som understøtter denne satsinga er m.a. *Regional og kommunal planlegging skal legge til rette for areal, infrastruktur og anlegg for å gjøre det lettare å vere i fysisk aktivitet og Utvikle og implementere ein modell for Aktiv skulekvardag i Hordaland gjennom utviklinga av aktive skulegardar og fysisk aktiv læring.*

Idrettscampus Bergen er eit samarbeid mellom Hordaland idrettskrets, Olympiatoppen Vest, SK Brann, Høgskulen på Vestlandet, Universitetet i Bergen, Haukeland universitetssjukehus, Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune for å styrke arbeidet med idrett, fysisk aktivitet og folkehelse i Hordaland gjennom å etablere møteplassar for kompetanseutvikling og -formidling. Idrettscampus Bergen bidreg til å realisere fleire satsingsområder i handlingsplanen, m.a. *Utvikle og gjennomføre tiltak/modell slik at fleire*

elevar i vidaregåande skule får godkjent karakter i kroppsøving og Inkludering av fleire personar med funksjonshemmingar og fleirkulturelle i idretten gjennom tilrettelagte arrangement og aktivitetar.

Anleggsutvikling er eit særskilt viktig tiltak for å auke aktivitetsnivået for alle i Hordaland. Fylkeskommunen har ei viktig rolle i høve analysar og vurderingar av anleggsbehov i regionen. For å kunne bruke tilgjengelege ressursar best mogleg er det viktig å hjelpe kommunane og lag med å få betre kunnskapsgrunnlag når det gjeld anleggsbehov og til å sikre større del av spelemidlane til Hordaland. Ein felles idrettsindeks vil gje nytta kunnskap. Handlingsplanen inneholder tiltak om å *Fordele spelemidlar på basis av gjeldande anleggspolitikk i Hordaland og utvikle ny anleggspolitikk for Vestland fylke.*

I høve regionsreforma vert det overført ein nye oppgåver innan friluftsliv til fylkeskommunane, m.a. knytt til skjærsgårdstenesta og forvaltning av statleg sikra friluftsområde. I handlingsplanen vidarefører fylkeskommunen tiltak som legg til grunn vidare satsing på område, både når det gjeld tilrettelegging, sikring, merking og verdisetting. T.d. gjennom satsingsområde *Friluftslivets ferdsselsårer*.

Kulturminnevern og museum

Fylkeskonservatoren vil i 2019 ha eit fokus på førebuing av framtidig ansvars- og oppgåvefordeling i samband med regionreforma. Nye ansvarsområder og oppgåver skal regionaliserast og kapasitet- og kompetanseplan må følgast opp. I samsvar med regional planstrategi, vil det i 2019 i samarbeid med Sogn og fjordane, satsast på å få gjennomført digital kartfesting av kulturminne av regional interesse/verdi, som kunnskapsgrunnlag for arbeid med regional plan for natur- og kulturminneressursar. Arbeid med å få auka kulturminnekompotansen i kommunane vil bli følgd opp, samt sett i samanheng med statleg planretningslinjer for klima og energiplanlegging og klimatilpassing.

Fartøyvern, særleg organisering og samhandling på dette feltet, vil vere prioritert.

For kulturminneforvaltninga vil det i 2019 vere særleg fokus på kulturminne i høve samfunnsnytte og verdiskaping. Prioriteringane her gjeld verdsarv, berekraftig reiseliv, samt samarbeid med kommunar og andre fylkeskommunar om reiserute med opplevingar i det vestnorske kraftlandskap. For museumsfeltet vil ein sjá nærmere på korleis statleg og kommunal medfinansiering kan aukast. Nye konsolideringar, organisering og korleis styrking av samhandlinga med sivilsamfunnet vil vere viktige tema. Ein vil også sette fokus på bygningsvern, særleg knytt til den immaterielle kulturarven og i høve til forvalting av bygningsarven.

Kulturformidling og kunstproduksjon

Hordaland fylkeskommune skal følge opp, vidareutvikle og stimulere eit særskilt kompetent og aktivt kunst- og kulturliv. Dette skjer i stor grad gjennom økonomisk støtte, både til drift og prosjekt. Det skjer ein kontinuerleg prosess med å målrette og styrke tilskota. I 2019 vil ein arbeide med å samkjøre dette inn mot det nye fylket.

Oppfølging av institusjonar og organisasjonar som får midlar over HFK sitt kulturbudsjett vil vere ei prioritert oppgåve vidare. Når det gjeld bygg vil det vere prioritert å følge opp forpliktingar i prosjektet Sentralbadet scenekunsthus. Hordaland teater har etablert ei nynorsk scene lokalisiert i Bergen, på bakgrunn av vedtak i fylkestinget. Dette er ei viktig kulturpolitisk prioritering, og det er trøng for å styrke drifta for å vidareutvikle dette.

Det er viktig å ivareta både det institusjonelle kulturlivet og det frie, profesjonelle kunstlivet. Prosjektilskot og stipend er særskilt viktige for å kome i møte det ikkje-institusjonelle kunstlivet. Dette er ein del av oppfølginga av innsatsområde «Kunstløft».

Kunst i offentleg rom er viktig for Hordaland fylkeskommune, og seksjon for kunst- og kulturformidling vil prioritere å arbeide med tilrettelegging av arbeidet med kunst i våre skular og på Bybanen. Hordaland kunstsenter spelar også ei viktig oppgåve i utvikling av dette feltet, og fylkesrådmannen har i sitt budsjettforslag lagt inn ei auke til Hordaland kunstsenter for at dei skal kunne vidareføre sitt prosjekt på dette feltet, med m.a. utviklingsarbeid og rådgjeving til t.d. kommunar.

Det er eit overordna tema å leggje til rette for og oppmuntre til mangfold i kulturuttrykk og deltaking. Hordaland fylkeskommune vil støtte initiativ og prosjekt som styrker dette og dei fylkesfemnande organisasjonane på dette feltet har eit særskilt ansvar.

Amatørkulturen må byggjast i hovudsak i lokalmiljø i kommunane. Fylkeskommunen sitt ansvar ligg i å støtte fylkesfemnande og regionale tiltak og organisasjonar.